



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne McEvoy, Næringsavdelinga  
 Sak nr.: 16/2346-1

## **Rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2016**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2016» slik den ligg føre.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

- 1 Tilskuddsbrev til fylkeskommunene 2016 på landbruks- og matområdet
- 2 Rapport 2014 – Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 3 Oversikt over tiltak med kort skildring 2015
- 4 Utkast til «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2016»

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen har ansvar for midlar på landbruks- og matområdet sett av til kompetanseheving og rekruttering. Midlane vert tildelt frå Landbruks- og matdepartementet som løyver summen på bakgrunn av resultat frå jordbruksforhandlingane året før. I jordbruksoppgjøret 2015 vart det forhandla fram kr. 20 mill. som skulle gå til dette feltet.

Tilskotsbrev datert 10.02.2016 viser at Sogn og Fjordane vert tildelt kr. 1,6 mill. som bidrag til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Dette er same sum som fylket har fått tidligare.

Tilskotsbrevet frå departementet peikar på følgjande mål og prioriteringar:

*Det overordna målet for ordningen på 20 mill. kroner er å bidra til rekruttering og kompetanseheving som kan ivareta og styrke verdiskapingen i landbruket regionalt.*

*Prioriterte områder bør være:*

- *Tiltak som bidrar til å styrke rekrutteringen til landbruks- og gartnerutdanningen og til høgere utdanning i landbruksfag*

- *Tilskudd til kompetansehevende tiltak og støtte til etter- og videreutdanningstilbud for næringsutøvere i landbruket*  
*Tilskuddet må sees i sammennheng med andre ordninger for rekruttering og kompetanseheving i landbruket, og det oppfordres til samarbeid med andre aktører og andre fylkeskommuner med tanke på regionale satsinger. Det er viktig å tilby regionale etter- og videreutdanningstilbud som gir kunnskap næringsutøverne har særskilt behov for i den enkelte produksjon.*

## **2. Nærare om arbeidet**

### 2.1. Organisering

Ansvoaret for planarbeidet, tildelingar og forvalting av midlane er lagt til næringsavdelinga, i tett samarbeid med opplæringsavdelinga. Som tidligare år har ei arbeidsgruppe med representantar frå næringsavdelinga og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, Fylkesmannen og faglaga frå næringa utarbeidd ein plan for 2016. Denne gruppa evaluerer også førrre års arbeid og resultat og gjev innspel på fordelingar av midlar som vert lyst ut i samband med planen.

Årshjulet i planen syner aktiviteten knytt til planarbeid og tildelinga.

Tidligare år har vi hatt to utlysingar av midlane, ei utlysing for korte kurs på våren og ei utlysing for langsiktige utviklingsprosjekt på hausten. Etter samråd med arbeidsgruppa vil vi prøve på ei samla utlysing på våren for både korte kurs og langsiktige prosjekt. Dei korte kursa føregår for det meste på hausten og ut til våren året etter og må difor ha utlysing tidleg på året slik at søkerane får planlagd kurs og koordinert det når det høver best for næringa. Dette gjev også høve til samkjøring med aktivitet i regi av dei vidaregåande skulane. Det er lagt opp til to månadar frist frå utlysing til søknadsfrist, og vi vil leggje vekt på å formidle endringa til søkerane i god tid før utlysinga.

### 2.2. Om arbeidet i 2015

I 2015 var det fordelt midlar i tre hovudgrupper av tiltak: Korte kurs for landbruket, nett- og samlingsbasert agronomutdanning for vaksne og utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving.

Av tiltak vil vi særlig trekke fram tilskotet til agronomutdanning for vaksne som eit svært målretta tiltak. Det er viktig å ha eit slik tilbod, der vaksne som kjem i posisjon til å ta over bruk kan få naudsyn landbrukskompetanse.

Utviklingsprosjekta går over fleire år, og oppnådd effekt er dermed vanskeleg å måle. I samråd med arbeidsgruppa har fylkesdirektøren prioritert å gje midlar til større og meir langvarige prosjekt fordi ein har tru på at langvarige satsinger kan gje større effektar.

### 2.3. Plan for 2016

Planen følgjer same mal som tidligare med oppdatert informasjon om utvikling i landbruket i fylket. Arbeidsgruppa meiner at måla og tiltaka framleis er relevante og har latt dei stå som før. Det overordna målet er å auke matproduksjonen i fylket, og då er det behov for auka rekruttering og god kompetanse hjå næringsutøvarane.

Tidlegare år har vi hatt unytta midlar frå tidligare løyvingar. Dette skuldast enten at tiltaka ikkje har blitt gjennomført som planlagt, eller at tiltaka blir sjølvfinansiert gjennom høg deltaking som gjev auka inntekter frå deltakaravgift. Det ser ikkje ut til at vi har restmidlar frå tidligare år for tildeling i 2016.

Framlegg ti fordeling av midlar for 2016:

<b>Tiltak</b>	<b>Kroner</b>
Agronomutdanning for vaksne (nettbasert og samlingar	600 000

Kompetanseutvikling – korte kurs	400 000
Utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving	600 000
<b>Sum til fordeling</b>	<b>1 600 000</b>

#### **4. Konklusjon**

Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane er rullert, og for 2016 ligg det føre tre hovudområde til prioriteringar av midlar. For å oppfylle måla i planen meiner fylkesdirektør for næring at det er nødvendig at alle partar innanfor landbruksnæringa gjer eit godt mobiliseringsarbeid i sine miljø, og på den måten får fram gode tiltak og prosjekt. Fylkesdirektør for næring og fylkesdirektør for opplæring samarbeider om tildelinga.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)